

Tone: Jesu dine dype vundar

Jesu du aaleina raade
Yver meg i naud aa strid.
Lat din store frelses naade
Strøyma inn i *saali* mi.
Synde heve skjemt meg so
Eg treng vaskast i ditt blod.
Saali heve tronge stundar
Kjære Jesus lett uppundar

Herre Gud so liv lyt gjeva
Dar so noko liv skal faa
Hjelp du meg aa live leva
So din vilje meg faar raa
Herre Gud du med meg stell
All mi tid til siste kvell.
At eg alltid din kan være
Aa i all mi gjerd deg æra.

Kjære Gud min ande styrkje
Naar eg uti faare gjeng
Vær mitt ljøs i syndemyrkje
Gjev meg daa den hjelp eg treng
Her er eg ein syndar arm
Gjev meg troens sterke arm
So meg kan i live bæra
Aa med sverd i striden være

Mange gonger hev du herre
Trufast tenkt aa hjelpt paa meg
Eg ulydig var dessvære
Hugde ganga eigen veg
Daa eg saag at eg for vilt
Varda du meg alltid mildt
Tak da far for alle gongar
Eg fekk hjelp i mine trongar

Lat meg Gud so lengje leva
at eg moden veert aa døy
Hjelp meg til aa heilt oppgjeva
Verdi med sin larm aa støy
So tilslut den eina sut
Himlen aag deg kjære Gud
At min hugnad daa maa være
Meg til sæla deg til æra.

Kjære Gud du gjer meg huga
Til aa fara heim til deg.
Lat i kvar ei *hjardefoga*
Himmelskjen fylla meg
Syndi mi o milde Gud
Uti Jesus stryk du ut
Tru aa kjærleik du bevara
Gla aa nøgd frå veri fara.

Hjelp meg Gud ifraa aa tvila
Paa den frelse du meg gav
Aa i tru paa deg aa kvila
Naar tilslut eg trøytnar av.
Eg aa mine magtlaus stend
Dine englar til meg send
So vil mmeg rettleida føra
Ind um himlens gylta døra

Lov aa takk deg evleg seia
Trutt aa ærlegt hjarteleg
Ingjen syndar seg kan greia
Her i verdi utan deg.
Hjelp so meg aa mine til
Gud aa leva som du vil
Tru paa Jesus er da rara
Uti honom heim aa fara.